

Aktivitetsplan 2010

Dato	Arrangement	Komite
17. mai	Nasjonaldag	Styret /musikkutval
28. til 30. mai	Blåtur med speling	Johan, John Inge, Roar Ståle Erling
5. jun.	Songarstemne Måløy	
12. juni	Opning Gravdal skule	Prosjektgruppa
8. til 12. sep	Utanlandstur	Johan, John Inge, Roar Ståle Erling
23. okt	Heim i haust	Styret
24. okt	Basar	Styret
29. til 31. okt	Øvingshelg	Styret
19. des.	Julekonsert	Styret
28. des	Juletreffest	Styret
8. jan	Nyttårskonsert	Komite
14. til 16. jan	Gruppeøvingshelg	Styret
28. til 30. jan	Øvingshelg	Syret
4. til 7. feb	NM-helg	Styret

Ekstraordinært årsmøte TPM:

Tirsdag 18. mai kl 20.15. Sakliste: Budsjett. JW

Nyttårskonserten:

Komite til nyttårskonserten må på plass før ferien. Styret treng ein person til å vere ansvarleg for planlegginga av konserten. JW

Har du hugsa å fornye Vredens Gnag?

Dersom du framleis vil ha dette bladet som kjem ut 8-10 gonger i året, så må du betale inn 120 kroner. Hugs å skrive namn på giroen på kven du betalar for. Har du ikkje fått giro, så kontakt Eli: 90773013. JW

BÅTBYGG!   

	2		3		9	1	8	
	3	4	6	8		9	5	
9	8		2	4	5	7	6	3
8		5			2	6		9
2	9	7	8	6	4	5	3	1
1		3	9			4		8
3	1	9	7	2	6		4	5
	5	2		1	8	3	9	
	7	8	5		3		1	

S
u
d
o
k
u

4	9	1		7	2	5	3	6
8	2	5		6	9	1	7	4
	3			1	4		9	2
6				1	3		2	
1	4	7		2		3	8	5
		3		8	7			9
5	7			6	4		2	
3	6	4	2	9		7	5	8
9	1	2	7	5		4	6	3

Vredens Gnag

TpM 90 år



Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

Nr. 5

17. årgang

Laussal: Gratis

Mai 2010

Samarbeider om 17. mai



Holvik og Vågsvåg og bygdene i vest samarbeider om feiring av nasjonaldagen. Dette samarbeidet har vore ekstra flott etter at skulen i Vågsvåg blei lagt ned, og alle ungene går på ein barne-skule i Holvik. Både Torskangerpoll Musikklag og Holvik Skulekorps har medlemmer frå begge bygdene, og då er det bra at arrangementskomiteen i bygdene tilpassar tog og arrangement, og at ein skiftar på dette med barnetog og folketog. Det spennande i år er kva skismøring vi skal bruke, og om korpsa skal bruke julesangheftet i staden for nasjonalheftet.

www.torskangerpoll.no

Program for 17. mai



Holvik:

kl.08.00: Heising av flagg. Frukost for musikanter og aspiranter

kl. 11.00: Barnetog i Holvik med Holvik Skulekorps og Torskangerpoll Musikklag.

Kiosk og kafe åpner

kl. 12.00: Barneleiker og aktivitetar på Holvik Skule

kl. 14.00: Trekning og premieutdeling.

Kafe åpen til kl. 16.00

Kl. 15.00: Folketog i Vågsvåg med Holvik Skulekorps og Torskangerpoll Musikklag.

Vågsvåg:

kl. 07.30: Morgenprosesjon fra Oppedal med Torskangerpoll Musikklag

kl. 08.00: Flaggheising ved Grendehuset

kl. 11.00: Barnetog i Holvik

kl. 15.00: Folketog i Vågsvåg med Holvik Skulekorps og Torskangerpoll Musikklag.

Fra byggefeltet, til Hamnaberg og opp til Grendehuset

Folkfest på Grendehuset når toget kommer opp.

Kiosk og kafe, salg av rømmegrøt. tale for dagen, underholdning, barneleiker og loddsalg

Klart til opningsfest i Gravdal



12.juni 2010 er ein merkedag i historia til Vestre Krets og Torskangerpoll Musikklag. Gravdal gamle skule er nyoppussa, stivpynta og klar til den store opningsfesten som skal være laurdag 12. juni. Då skal arbeidet som har foregått i det stille sidan januar 2007, visast fram. Og det er ikkje småtteri som vert presentert. Her vil ein få innblikk i historia til musikklaget, gardsdrift, fiske og foreningsliv i bygdene, og ikkje minst skule-



historia til dette huset. Huset har vore sentral i Torskangerpoll Musikklag si historie, spesielt for dei som har vore med ei stund. Korpset sine øvingar starta i dette huset, på skuleloftet. Der møttest dei sju første medlemmene rundt spyttebakken som stod midt på golvet, og la grunnlaget for det korpset som sidan har vore til hygge og nytte for dei fleste av bygdefolket.

I tillegg til musikklaget si historie, så vil huset innehalde historiske samlingar av jordbruksreidskaper, fiske-reidskaper og fangstutstyr, gjenstandar frå hushaldet i bygdene, leikar og mange interessante ting frå lag og foreiningsdrift.

Skulen vil sjølvsagt ha sin naturlege del av utstillingane.

At ein kan presentere dette no er

takka være nokre få eldsjeler som har lagt ned ein formidabel innsats med omsyn til planlegging, arbeidsinnsats og innsamling av gjenstandar. Noko som har foregått over mange år.

Arbeidet har vore leia av Harald Oppedal, som er ideskaparen bak prosjektet, og også vel er den som har lagt ned den aller største arbeidsinnsatsen. Men som han usjølvisk seier så er det den store dugnadsinnsatsen gjennom mange år med vedlikehald og oppgraderingar som har gjort det mogeleg å gjennomføre dette.

I tillegg til stor dugnadsinnsats så har også innsamla midlar frå stat, fylke, bank og privat spela ei vesentleg rolle.

Til opningsfesten den 12. Juni er det invitert alle elevane som har gått på skule i Gravdal, og som framleis er i live.

Det vil bli eit spenstig program for denne dagen, og det vil være høve for publikum å sjå samlingane, og kanskje setje seg ned med ein god kaffikopp og diskutere "gamle dagar" med gamle kjende.

Det blir meir om opninga seinar.

Asbjørn Våge

